

*(skytebanen Vangdalsåsen fråsegn endeleg)*

**Frå: Naturvernforbundet i Kvam v/ Oddvar Soldal, Kyrhagen 32, 5610 Øystese**

**Til : Kvam herad, Planavdelinga [postmottak@kvam.kommune.no](mailto:postmottak@kvam.kommune.no)**

5610 Øystese 16. jan. 2011

## **Uttale om reguleringsplan for skytebane i Vangdalsåsen i Kvam herad**

### **Naturmangfaldlova legg føringar for planarbeidet**

Naturmangfaldlova vart gjeldande frå 1. juli 2009. Lova legg føringar for berekraftig vern og bruk av naturen. Lova fastset forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar (paragraf 4 og 5) og inneheld ei generell plikt for aktsemd (paragraf 6). Lova inneheld viktige prinsipp som tidlegare ikkje var lovfesta. Prinsippa skal vera retningsgjevande for utøving av offentleg styresmakt og må såleis leggjast til grunn for prosessarbeidet med arealplanlegging. Desse prinsippa går fram av paragrafane 8-12 i lova og omfattar krav til kunnskapsgrunnlaget, miljørettslege prinsipp som føre var-prinsippet samt at ein må vurdera summen av verknadane på eit naturområde når arealbruken vert verna.

I brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Kvam herad 3. nov. 2010 i ei fråsegn til ein reguleringsplan for vegutviding vert det vist til at naturmangfaldlova har same funksjon som forvaltingslova, ved at ho kjem i tillegg til særlova og er med og legg føringar for arbeidsprosessen. I brevet vert det presisert at ”naturmangfaldlova skal leggjast til grunn for prosessar etter plan- og bygningslova”.

Så langt naturvernforbundet kan sjå er ikkje naturmangfaldlova sine prinsipp tekne omsyn til når det gjeld reguleringsplanen for skytebanen. Naturvernforbundet ber om at desse prinsippa vert lagt til grunn i det vidare arbeidet.

### **Krav om konsekvensutgreiing**

Naturvernforbundet er forundra over at framlegget til reguleringsplan for ein skytebane manglar så mykje bakgrunnsstoff og vurdering av konsekvensane på naturmiljøet. Sjølve det omregulerte området vert på nær 250 dekar, men ein skytebane vil få verknadar langt ut over det tilmålte området i ein reguleringsplan. Naturvernforbundet meiner framlegget til plan ikkje inneheld den informasjonen ein slik plan må ha.

Då det fyrste framlegget om å plassera skytebane i Vangdalsåsen vart sendt Miljøvernavdelinga i Hordaland i 2001, fekk heradet tilbakemelding om at ”Det vil vera sær viktig å få kartlagt og

vurdert konsekvensane ei skytebane vil få for desse naturkvalitetane, før ein går vidare med reguleringsplanarbeidet” (brev datert 31.01.02).

Då skytebanen vart plassert i Vangdalsåsen i kommuneplanen for Kvam i 2006, vart det ikkje gjort noko konsekvensutgreiing. Tvert i mot vart banen teikna inn i eit område som er vist som LNF-n-område (landbruks-, natur- og friluftsområde med særleg høge naturverdiar.

Naturkvalitetane vart forsterka ved at dette området grensar opp til Vangdal naturreservat, som er bandlagt etter den dåverande naturvernloven.

I framlegget til reguleringsplan er det vist til ”Viltet i Kvam – Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartene” (MVA-rapport 5/2002). Der er området omtala som ” ”Vangdalsåsen” (Vikøy-Aksnesmarka), eit større, samanhengande område med gammal skog sentralt i heradet, er det området som blir vurdert som viktigast”. Dette har ein heller ikkje teke omsyn til.

**Naturvernforbundet i Kvam meiner at alt talar for at det må gjerast ei grundig konsekvensutgreiing av kva den endra og auka bruken av området, vil ha å seia for alle naturverdiar også utafor dei 250 dekar som er med i reguleringplanen.**

Det kan ikkje vera noko argument at området er lagt ut som skytebanen i ein kommuneplan der heller ikkje konsekvensane av ein endra arealbruk er vurdert.

### **Naturverdiar og biologisk mangfald**

I tida som har gått frå miljøvernavdelinga sitt ynskje om konsekvensutgreiing, via arbeidet med kommuneplanen, som vart vedteken i 2006 og heilt fram til førebuingane for den reguleringsplanen som no vart handsama, ser det ut til å ha vore lite kontakt mellom heradet og miljøvernavdelinga hos fylkesmannen. I merknaden til kommuneplanen vart støyen frå ein skytebane nemnd, men det vart ikkje sagt noko om dei viktige naturverdiane i området.

Når det gjeld naturverdiar vil Naturvernforbundet understreka dei vurderingane som Eivind og Torbjørg Vangdal gjev i deira uttale til reguleringsplanen: ”i liten grad har vore i kontakt med lokale personar som har god kunnskap om m.a. fuglelivet i området. Det vart vist til at hønehauken ofte har fleire reire han byter mellom. Om ein reirplass (som Miljøvernavdelinga visste om) berre er 300 meter frå standplassen på den planlagde skytebanen, så kunne han flytta til ein av dei andre plassane. Problemet for hønehauken er at dei to andre stadene me kjenner til at hønehauken har nytta, ligg endå meir utsett til for uro og støy frå ein eventuell skytebane.

I området frå Heradstveit og over mot Vikøy/Aksnes/Vangdal kan ein oppleva å treffa storfugl (tiur og røy). Det er kjent at storfugl er avhengig av rimeleg store område (Kastdalen, 1992). Det er ikkje berre viktig å verna spelplassar, men òg unngå ei slik oppdeling (fragmentering) som ein skytebane langt inne i området er. Dei mest nytta spelplassane er dessutan midt i skyteretninga for riflebanane.

Me vil og påpeika at kviteryggspett og andre spetter har svært gode tilhøve i ospene i Staurslia. Det er grunn til å tru at dei vil trekkja ut av området dersom skytebanen vart bygd. Den generelle verknaden for det varierte fuglelivet i området er ikkje omtala i planen.

I plandokumentet vart det òg vist til ”Kartlegging og verdisetting av naturtyper i Kvam” (MVA-rapport 2/2009). I denne planen er ikkje Tørvikadalen (Vangdalsåsen) nemnt med eit ord. Kvam herad leigde inn Dag Holtan for å gjera dette arbeidet. I 2008 gjorde han registreringar i Vangdalsberget og Bergsberget (Vangdal Hundvåko); nokre få hundre meter frå området som er tenkt til skytebane. Han skriv om området i Bergsberget at **”Det er heilt klart eit potensial for sjeldne eller raudlista sopp- og lavartar. Samstundes hadde det vore ønskeleg med meir (tid) til å leite etter lav i dei øvre delane av lokaliteten.” Men kanskje ynskje ikkje Kvam herad å vita noko om eventuelt sjeldne artar i skytebaneområdet?**

I 2008 gjorde dessutan John Bjarne Jordal feltregistreringar i gammal natureng på Heradstveit, og fann fleire interessant raudlistearter (soppar). Hadde det vore ynskje om det, hadde han sikkert vurdert gammal utslåtteeng i Tørvikadalen og.”

**Ut frå det som er nemnt i framlegget og opplysingane ovafor meiner Naturvernforbundet at vurderingane av naturverdiane i Vangdalsåsen må gjerast grundigare med tanke på registrering av dyre- og planteliv og biologisk mangfald. Me vil igjen minna om det strenge fokuset som er retta mot slike vurderingar i den nye naturmangfaldslova.**

I framlegget til plan vert det vist til at området ikkje er registrert som regionalt viktig friluftsområde. Det er nett den varsame bruken som gjer heile dette området sin verdi som naturområde. Dermed har mange fuglar og dyr tilhald her, og kan gje dei som tek turen, sjeldne naturopplevingar.

### **Kulturminne**

Når det gjeld kulturminne vert det sagt i planen at: ”Det er ikkje registrert automatisk freda kultur- eller fornminne” står det i planen. Men Kvam herad visste at Kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune hadde varsla synfaring i området, og ikkje kunne godkjenna planen før dette er gjort. Til all lukke har Kulturavdelinga teke fatt i saka igjen. Eivind Vangdal viser til at det er synlege merke etter utslåtter og utlør i området. Det skal og vera kolmiler og restar etter ei av dei eldste kraftlinjene i Kvam.

### **Konklusjon**

Naturvernforbundet i Kvam meiner at heradet bør finna ein skytebane slik at kjem mindre i konflikt med særleg verdfulle naturtypar. Det reknar me med vil verta konklusjonen etter grundigare kartlegging av naturverdiane og konsekvensanalysar etter Naturmangfaldlova.

Naturvernforbundet i Kvam vil gjerne verta halden orientert om alt som skjer i denne planlegginga. Me vil ha melding etter kvart som sakshandsaminga går fram og vil verta rekna som part i saka. Send meldingar til underteikna, gjerne på: [osoldal@online.no](mailto:osoldal@online.no)

Med helsing

Naturvernforbundet i Kvam

Leiar Oddvar Soldal, Kyrhagen 32, 5610 Øystese

Kopi til Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga